

Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL,
STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN
NR.4, OKTOBER 2020. 81. ÅRG.



Adresse:

Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nummer av
Preikestolen kjem
i postkassen
ca. 01. desember.
Frist for innlevering av
stoff er 30. oktober.

Redaksjon:

Redaktør Olav Frantzen
Tlf. 977 55 271
olav.frantzen1@lyse.net

Jon Vogt Engeland
Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Kristoffer Nåden Havn
Anne Brit Hatleskog

Kyrkja sin kontaktperson:

Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i
postkassen, kan de ta kontakt
med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Frivillig abonnementspris
pr. år: 250 kr i Hjelmeland,
Strand og Forsand.
Alle utanbygds abonnentar
må betala 250 kr for bladet.

Bankgiro:3205.30.06158
eller Vipps på Preikestolen
kyrkjeblad, eller vipps-
nummer 105004.

Grafisk formgeving:

Marton L Fiskå
marton.fiska@icloud.com

Trykk: Kai Hansen Trykkeri
Opplag: 7400

Framsidefoto: Anita Grødem

Innhald nr. 4-2020:

Å forma det heilage.....	Side 4
Altertavla i Forsand kyrkje.....	Side 7
Sorg og tap.....	Side 8
Ung sorg.....	Side 10
Å dele tro og liv på tvers av generasjoner.....	Side 12
Turist-åpen kirke.....	Side 14
Et minne fra Badger Iowa.....	Side 15
Kyrke i korona-tid.....	Side 16
Fire på kyrkjebygget.....	Side 18
Det første kirkerommet i Strand?.....	Side 19

"Preikestolen" - Liv laga?

Du sit nå med siste nummer av Preikestolen, og eg håpar at du finn noko av interesse. Som du sikkert veit, vert bladet levert til alle husstandar i Forsand, Strand og Hjelmeland, i eit opplag på 7400. Dei to største utgiftspostane våre er trykking og distribusjon. Dei to største inntekstpostane er frivillig kontingent og annonser. Til nå har inntektene stort sett dekkja kostnadane, men nå er me i den situasjonen at dette ikkje lenger er tilfelle. Utgiftene er nokså stabile, men inntektene har gått betydeleg ned, rett og slett fordi færre betaler den frivillige kontingenten, og annonsørane er også blitt færre.

Nå må eg skunda meg å takka alle som støttar Preikestolen økonomisk gjennom kontingent og annonser. Utan dykk hadde det ikkje gått i hop. Me vil svært gjerne gi ut Preikestolen ennå i mange år, men det vil bli vanskeleg utan at inntektene aukar. Difor vil me oppfordra alle våre lesarar til å betala den frivillige kontingenten. Det er ennå ikkje for seint å gjera det for 2020, og i februarnummeret 2021 kjem det ein ny giro innlagt i bladet. Du kan og enkelt senda eit beløp på Vipps. Søk opp Preikestolen kyrkjeblad eller bruk vippsnr 105004. Er du i posisjon til å kjøpa annonseplass, så ta kontakt med Liv Åse på Strand kyrkjekontor.

Tusen takk for bidraget ditt – for me ønskjer vel at Preikestolen skal vera liv laga?

Olav Frantzen



Det gode møte

*Andakt av Ine Linn Marthinsen,
barne- og ungdomsprest Hjelmeland,
Årdal og Fister sokn*

Som prest gjennom ti år har eg mang ein gong stått i døra etter ei guds-teneste, gjerne på høgtidsdagar, og tatt i handa dei som ynskjer det. At det kunne vere ein smitterisiko knytta til det, har aldri falt meg inn. Men så har ikkje akkurat dette viruset vore her før heller. Handhelsinga sit i ryggmargen. Den stadfester eit møte. Eit møte mellom menneske. Denne hausten må me møtast utan handhelsinga.

Noko av det som igjen og igjen fascinerer meg med Jesus, er måten han møter enkeltmenneske. Korleis han går tett på dei og møter dei i livet slik det er, ikkje slik det «burde» vere. Dei rettar seg opp i ryggen etter møtet med Jesus, og går velsigna vidare. Til dømes tollaren Sakkeus (i Lukas 19) som etter at Jesus har vore med han heim, gav tilbake til dei fattige fire gonger så mykje til dei han har truga pengar frå, og halvparten av det han eigde. Mon tru kva Jesus og Sakkeus snakka om som førte til denne viljen til endring? Når mørketida står for døra, treng me gode møte mellom oss menneske. Samtidig er kanskje fleire av oss redde

for å oppsøkje stader med mange folk? Korleis skal me få påfyll i denne annleis - hausten? Det kan kjennast tungt at ting er annleis. Kanskje er det fleire spørsmål enn svar? Om me er heime eller ute, så ynskjer Gud å kome oss i møte i livet slik det er, ikkje slik det «burde» vere.

Engstelse, glede, sorg, sinne, takknemlegheit. Han tek imot og rommar det. Skund deg og kom ned, sa Jesus til Sakkeus. For i dag vil eg ta inn i ditt hus. Skund deg og kom, seier Jesus til oss. I dag vil eg ta inn i ditt hus.



NEDTELJING

Illustrasjonsfoto: Pixabay

Tekst: Jon Vogt Engeland

Frå den fyrste morgonen
har ho talt ned

I dag let ho vinden
flå bjørka for blad
glupsk og annig driv ho
dagane mot vinter

kvar dag i spegelen
det same andletet
kvar dag det endra andletet
sindig
uavvendelig
let ho modninga meisle ned livet

tolsam og seig
let ho regndråper grava bort berga
let ho stjernene brenne og slokne
mettar ho altet med solvind

kvar nanosekund
kvar æra
tel ho mot demring
den åttande dagen.

Å FORMA DET HEILAGE

Per Odd Aarrestad (80) er i full gang med utsmykkingsarbeidet til Tau kyrkje. Idéen til kunstverket fekk han då han flaug over Tau og Strandlandet for nokre år sidan.

Tekst og foto: Trond Hjorteland

Per Odd Aarrestad er ein av landets leiande kyrkjekunstnarar, og har til saman smykka ut 29 kyrkjer, mange av dei i Rogaland, og Jørpeland kyrkje er blant desse.

– Det vil seia, eg er ikkje heilt sikker på om det er 29, men det er nok ikkje så langt unna, smiler han og ser seg rundt i verkstaden sin på Stangeland i Sandnes. Her både står og ligg kryssfinerplatene som skal danna eit ca 65 kvadratmeter relieff på eine sida av fondveggen i kyrkjerommet. Alt nå trer figurar og skisser fram frå treplatene, og fleire deler har fått fått farge – ikkje minst går gull og blått att i fargespelet. – Arbeidet går framover, og eg har ein grunnplan som eg følgjer, seier han og viser fram eit stort ark der dei ulike

delane er sameint i ein detaljert og gjennomtenkt heilskap.

– Utfordringa nå er å ikkje komma på nye idear som bryt med det store biletet. Då kan det gå gale! ler han. Synet frå flyturen frå nokre år tilbake, dannar ei slags ramme for tre-relieffet, der ein kan ana Tau med sine vegar, Vågen, og jamvel rundkjøringa som trer forsiktig fram. Men like nærverande er dei ulike elementa som glir inn i det verdslege, som utallige møte mellom himmel og jord.

GLASMALERI

I tillegg til relieffet, skal Aarrestad også laga eit glasmaleri som vil stå midt i fondveggen. Glasmaleriet blir ca 11 meter høgt og ca 1,3 meter breitt. Aarrestad er opptatt av at temaet for utsmykkinga; «Såkornet», skal visa att i dei ulike delane av arbeidet. Og han er opptatt av å veva inn Tau sin møllehistorie i utsmykkinga. – Eg ønskjer ikkje at uttrykket skal vera så eksplisitt at dei som ser på, umiddelbart ser kva eg har uttrykt. Eg har alltid som mål å få tilskodaren til å undra seg, til å gå inn i kunstverket – og gjerne sjå nye ting frå gong til gong. Om eg lukkast, veit eg jo ikkje, men eg synest såkorn-temaet gir mange tolkingsrom, seier han.

SKREKKBLANDA FRYD

Ifølgje han sjølv er han i rute til den nye kyrkja skal stå ferdig i slutten av juli 2021. Men det er ein tidkrevjande prosess, og det blir lange dagar og kveldar innimellom. Og så ser han med skrekkblanda fryd fram til dei ulike komponentane til glasmaleriet og relieffet skal hengast på plass i kyrkja.

– Ja, det er alltid ein nervepirrande prosess. Til alt hell har det alltid gått godt. Men eg minnest godt den gongen me skulle få skulpturrelieffet på plass i Jørpeland kyrkje på 1980-talet. Det var jammen så vidt messingfiguren smaug inn døra, og ikkje hadde eg forsikring lenger enn til ytterdøra, humrar Aarrestad.

”
*Eg har alltid
som mål å få tilskodaren
til å undra seg...*

”



KONKURRANSEMENNESKE

Prosjektet med Tau kyrkje er hovudoppdraget Aarrestad jobbar med for tida. Og han hadde eigentleg tenkt at dette ville bli det siste kyrkjeoppdraget han ville ta på seg. Men nå har han fått tilbod om å vera med i ein konkurranse om utsmykking av Vennesla kyrkje saman med fire andre kunstnarar, og han kjenner det triggjar litt.

– Du veit, som gammal friidrettsutøvar, så elsker eg å konkurrera. Så det kan jo henda eg prøver meg!

PREIKESTOLEN PODCAST – MED PER ODD AARRESTAD

Dersom du ønskjer å få meir bakgrunnsstoff om arbeidet til Per Odd Aarrestad, kan du lasta ned podcasten som Preikestolen har laga i samband med denne reportasjen. Podcasten er på ca 25 minutt, og der fortel Aarrestad blant anna om «dramaet» då kristusfiguren i messing skulle inn i Jørpeland kyrkje...



Altertavla i Forsand kyrkje

EIT VERK AV STAVANGERKUNSTNAREN
FRANK WATHNE



Tekst og foto: Siv Fossan

Forsand kyrkje hadde dei første 77 åra frå 1854, eit svært enkelt interiør. Kyrkja var umåla, og over alteret var det eit enkelt kors. I 1931 blei det utført ei omfattande ombygging av koret og kyrkja blei måla innvendig. I dette arbeidet knytta ein til seg stavangerkunstnaren Frank Wathne. Han var fargekonsulent for ombygginga i tillegg til at han måla altertavla, apostelbileta på preikestolen og englane på dørene inn til benkene. Apostelbileta er flytta til bakveggen i kyrkja etter siste ombygging, men både englane på benkedørene og altertavla står som frå 1931.

Altertavla, som er måla i 1700-tals stil, er nesten to meter høg og har Kristi Himmelfartsdag som motiv. Han brukte mykje symbolikk i arbeida sine. I altertavla finn ein og fleire symbol utanom det ein først legg merke til. Ein må for eksempel heilt nær før ein ser dei små korsa som er måla på søylene som rammar inn tavla. Frank Wathne har laga fleire altertavler, men har òg hatt mange fleire dekorative arbeid, illustrative verk og målerier. Under krigen teikna han 11 illegale julekort med teksten «God norsk jul» etter idé av stavangerbedrifta Åsmund S. Lærdal. Desse blei hemmeleg trykka opp hjå Dreyer forlag. Her viser han òg si interesse for symbolikk, noko som sjølvsagt gjorde at korta blei forbodne.

Sorg og tap

Tekst og illustrasjonsfoto: Anita Grødem

Når vi mister relasjonen vi hadde til noen, så rammes vi av sorgen. Enten blir den kastet over oss, eller så kommer den gradvis.

Vi blir overveldet av ulike følelser, blir lammet, fortvilt, sint og lei oss. Men kjærighet og sorg er ulike sider av samme sak. Vi ønsker ikke å leve uten kjærighet, men da må vi også forholde oss til sorgen når relasjonen endrer seg eller blir borte.

Ofte tenker vi at sorg først og fremst handler om at noen som betyr mye for oss, dør. Døden er så endelig og ufattelig. Jeg skal aldri få se dette mennesket igjen. Aldri se øynene smile, kroppen bevege seg. Aldri mer skal jeg få dele tanker og liv sammen med vedkommende, aldri få kjenne på samhörigheten, fellesskapet og kjærigheten sammen med dette mennesket.

Men det finnes mange typer tap, og sorgen er reaksjonen vi får når vi har mistet. Det er ikke alltid våre tap er så synlige for andre, og derfor får vi ikke

alltid anerkjennelse og forståelse fra omgivelsene slik vi gjør når det dreier seg om et dødsfall.

Både barn, ungdommer og voksne opplever ulike tap igjennom livet. Voksne har ofte et erfaringsgrunnlag som gir dem redskaper til å kunne takle ulike tap på en god måte. Barn og unge trenger veiledning og hjelp. De må gjøre seg sine egne erfaringer, men har behov for støtte, anerkjennelse og omsorg i sorgarbeidet. Som voksne vet vi at verden går ikke under hvis vi har mistet et familie-medlem, en venn eller en kjæreste. Vi har erfart at det finnes flere mennesker som vi kan bli glade i som vi kanskje ikke har møtt enda. Men for en ungdom kan følelsene bli så sterke at noen ikke ser poenget med å fortsette å leve. Utad er det lett å vise de gode opplevelsene, den polerte overflaten, det vellykkede livet. Men alle som har levd en stund, vet at dette ikke er hele bildet.

Derfor er det så viktig å være gode rollemodeller, og snakke sant om egne tap og egen sorg. Livet er vanskelig! Livet består av sorger og gleder! Men vonde erfaringer kan utvikle oss som mennesker, kan gjøre oss sterkere, og gi oss større innsikt og forståelse for andres sorg.

Det er mange typer tap som påvirker psyken til barn og unge, men også voksne. Noen av disse er skilsmisse, flytting, og egen eller andres helse.

SKILSMISSE

Skilsmisse er et stort traume for mange barn og unge. Egen identitet rokkes ved når foreldrene ikke lever sammen lenger. Mange må bo to steder, med to ulike sosiale koder på hvordan man lever sammen. Mange får stemødre og stefedre som man må forholde seg til, og disse har kanskje også egne barn som en skal leve sammen med. Dette er ikke alltid så lett å forholde seg til. Mange får derfor psykiske problemer når foreldrene har valgt å flytte fra hverandre. Dette er et tap og en sorg som er vanskelig for foreldre å anerkjenne. Det kan være vanskelig å snakke om, fordi det kanskje strør salt i sårene i forhold til egne tap og sorg i forbindelse med skilsmissen.

Mange tror kanskje ikke at bruddet betyr så mye negativt for barnet. «Barnet var så lite når vi gikk hver vår vei, så hun/han husker ikke det.» kan noen si. «Vi er så gode venner, og samarbeidet går så bra, det er ikke noe problem for mitt barn,» kan andre si.

Men forskning viser at skilsmisse påvirker barn og unges psyke. Førsteamanuensis Ingunn Størksen fra Senter for adferdsforskning ved Universitetet i Stavanger har forsket på hva en skilsmisse gjør med barna og deres psykiske helse i ung og voksen alder.

«Både unge og voksne barn som har opplevd at foreldra deira har skilt lag, har fleire psykiske plager enn dei som ikkje har skilte foreldre», forklarer Størksen. «Dei som har skilte foreldre, har fleire symptom på angst og depresjon. Dei har eit lågare velvære, og dei har fleire skoleproblem. Funna mine er godt i tråd med internasjonal forskning. Både unge og voksne barn som har opplevd at foreldra deira har skilt lag, har fleire psykiske plager enn dei som ikkje har skilte foreldre,» sier Størksen.

Dette må en ta på alvor, og gi rom for samtale og støtte til barn og unge som opplever dette.

FLYTTING

Å flytte er en stor omvelting i barn og unges liv. Alt det kjente og trygge utenfor familien, som nabolaget, skolen og vennegjengen, blir borte. Det er krevende å skape nye relasjoner, og det tar mye energi.

Mange barn og unge kan ikke bo sammen med foreldrene av ulike grunner. Av disse er det mange som har opplevd mange tap, og mye sorg. Å flytte i fosterhjem til en ny familie, kan være traumatisk. En skal forholde seg til nye mennesker, nye rutiner og nye forventninger. I tillegg til at det er en ny familie en skal bli kjent med, skal en få seg nye venner og orientere seg i helt nye omgivelser. Det å miste en venn fordi en selv flytter, eller fordi vennen flytter, er forbundet med stor sorg, spesielt for ungdommer. Venner er viktige, det å ha noen fortrolige, og også fellesskapet og tilhörigheten i en vennegjeng, betyr mye.

HELSE

Å bli alvorlig syk, er også et stort tap. Det gjelder også når dette rammer noen av de nærmeste i familie eller vennekretsen. En må reorientere seg fordi virkeligheten er endret. Forventningene må endres og relasjonen blir endret.

Dette er noen eksempler på tap og sorg som kan møte oss. Sorg er forbundet med kjærigheten. Sorgen skaper indre sår, som vil gro med tiden. Noen ganger trenger vi hjelp av familie, venner eller profesjonelle til å takle sorgreaksjonene. Men arrene som sorgen skaper, bærer vi med oss hele livet. Arr etter den kjærighet som var, og over brutte forventninger og ønsker. Alle ønsker å unngå sorg, men sorgen er prisen for kjærighet. Når vi kan dele sorgen med noen andre, kan det bli lettere å leve videre sammen med de arrene vi har fått.

”*En tid for å gråte,
en tid for å le,
En tid for å sørge,
en tid for å danse.*”

Forkynneren 3,4.



Mange ungdommer opplever sorg: Sorg når en mor, far eller en besteforelder dør, en sorg over å miste en venn, miste tilhørigheten til en vennegjeng, sorg over foreldre som har gått fra hverandre, eller en sorg over å miste en kjæreste. Det finnes mange typer sorg, for det er

vondt å miste noen man er glad i, og denne sorgen kan være blytung å bære. Sorg kan gjøre vondt, både i kropp og følelser, og noen av de ungdommer som jeg har snakket med, opplever at det føles som å bli revet i stykker innenfra, og som om all kraft suges ut av dem.

Ung sorg

Tekst: Michael Zülów
Foto: Anita Grødem

All sorg er unik, og når jeg snakker med ungdommer om sorg, så er det viktig for meg å poengtere dette: «Din sorg er din sorg». Det er lov å gråte,

det er lov å le, det er lov å være lei seg, det er lov å ha det morsomt, det er lov å være sint, og det er lov å glede seg – selv om en samtidig kjenner på sorg. Sorg er ulik, og det finnes ikke en fasit på hvordan en skal sørge.

HVORDAN TAKLE SORGEN?

Det er ikke alltid så lett å sette ord på den vanskelig og vonde sorgen, hverken til en vilt fremmed, eller til en man

kjenner godt. Det er vanlig å grue seg eller være skeptisk til å snakke med venner, foreldre eller andre voksne om vonde ting. Det er vondt å sette ord på sorg og savn, men det er til hjelp å snakke med noen og dele det med andre. Det kan være mange grunner til at ungdommer ønsker å holde sorgen for seg selv, men som oftest kan det være lurt å snakke om savnet, sorgen og alle følelsene som en har inni seg

med noen man stoler på. Det kan føles enklest å snakke med en venn, men det kan også være en stor hjelp å snakke med en lærer, en helsesykepleier, en psykolog, en tilsatt i kirka eller en annen voksen som har taushetsplikt.

Bibelen er ikke ukjent med sorg. I det korteste verset i hele Bibelen står det ganske enkelt at “Jesus gråt” (Joh 11,35). Det gjorde Jesus da han fikk

vite at vennen Lasarus var død. Jesus kjente selv på sorg. Og han sørger med alle oss som opplever sorg. For selv om Gud aldri har lovet oss fravær fra sorgen, så lover han at han vil være oss nær i det som er så vondt å bære.

Ønsker du noen å snakke med?

Ta gjerne kontakt med noen av de som arbeider i kirka for samtale.

Alle har taushetsplikt. Se s. 26 i bladet for kontaktinformasjon. Chat som man kan kontakte: www.mentalhelse.no - døgnet rundt
116 123
www.kirkens-sos.no - døgnet rundt
krisetelefon 22 40 00 40
www.soschat.no



Siri og Tor André Giskegjerde



Ole Wollert Meyer og Tore Thu Kristensen

Å dele tro og liv

Bibelgruppe, vekstgruppe, huskirke, misjonsforening – kjært barn har mange navn. Felles for dem alle er at de tilbyr fellesskap med få personer og trygge omgivelser til å dele tro og liv.

Tekst og foto: Anne Brit Hatleskog

Siri og Tor André Giskegjerde har lang erfaring med grupper både fra Navigatørene og fra menighetslivet. Dette er noe de prioriterer for egen del og som de brenner for at andre skal få del i. Ekteparet har ledet konfirmant-

grupper på Forsand i flere år, og planlegger nå oppstart av en samtalegruppe for bygdas ungdom.

- Hvorfor er det så viktig å samle de unge i smågrupper, de har jo så mange andre tilbud og aktiviteter der de kan samles?

Ole Wollert Meyer, sognepresten på Forsand, lener seg framover i stolen og smiler:

- Vet dere, begynner han, når konfirmantene skal si litt om hva som har vært kjekkest og finest gjennom konfirmantåret, er svaret sjelden konfirmantundervisningen, men alle nevner hjemmegruppene; disse smågruppene der en liten gjeng samles

hjemme hos noen i menigheten. Der kan ungdommene snakke helt vanlig om tro, bønn og bibel med voksne kristne, et sted der de blir sett og hørt. Det å ha smågrupper er faktisk et veldig viktig diakonalt arbeid i menigheten.

Med i samtalen vår er også Tore Thu Kristensen. Sammen med kona Mirjam har han åpnet hjemmet for konfirmanter.

- Det å gjøre Guds ord relevant for de unge i dag, er en av våre viktigste oppgaver, sier Tore. - Vi må vise dem Guds hjerte. Voksne skulle bare visst hvor mange unge som sliter med livet, og som trenger noen som kan lytte.

på tvers av generasjoner

- Så må vi også gi rom for å tulle og tøyse litt, bli kjent med ungdommene. Før vi startet med konfirmantgrupper, gjorde jeg meg noen tanker om jeg ville passe som leder. Vet jeg nok om Bibelen til dette? Men, etter hvert så skjønnte jeg jo at ungdommene forstår at vi ikke har alle svarene, vi skal ikke sitte der med fasiten. Det viktigste vi gjorde, var å sette av tid til dem.

- Ja, trygghet er viktig, understreker Siri. - Vi voksne må også tørre å dele fra vår tro.

Tor André fortsetter: - De tre viktigste delene i en gruppesamling er trygghet, tid, og at de unge opplever at her er det rom for å spørre om ting de lurer på. Vi tok ofte utgangspunkt i en bibeltekst

som vi leste sammen. Så prøvde vi å se hva teksten kan lære oss i dag. Vi ville lære dem å bruke Bibelen, for å se om det er andre tekster som kan hjelpe oss med å forstå. Jeg tror mange foreldre hadde blitt overrasket om de hadde visst hvor mange spennende refleksjoner som kommer fram hos ungdommene deres.

- Får du betalt for dette? husker jeg en ungdom spurte meg, forteller Tore. Da var det fint å kunne svare at dette gjør jeg helt frivillig, fordi det er viktig.

Tor André nikker: - Jeg tror at det å åpne hjemmet sitt er en viktig del av at ungdommene trives i gruppefellesskapene. For mange kan det være et første møte med et hjem der Bibelen

ligger framme og blir brukt i livets situasjoner. Så spiser vi sammen. - Ja, jeg har laget hauger på hauger med boller, ler Siri. Det går unna når ungdommene samles!

Alle tre er de enige om at fellesskapet med de unge gjennom samtalegruppene har gitt dem mye, også for egen tro. - Vi ønsker og trenger også de små fellesskapene i tillegg til menigheten, avslutter Ole Wollert, og er det noen som kjenner at dette er en oppgave de ønsker å vite mer om, så ta gjerne kontakt med kirkekontoret. Ungdommene våre trenger slike møteplasser.

Er du ungdom og har lyst til å bli med i en slik gruppe, så ta kontakt med kirkekontoret der du bor.



«Lovprisning» laga av Kjersti Hatlen Lunde 1990. Heng i sideskipet i Jørpeland kyrkje.
Foto: Mia Raustein



Bispestol og døypefont Strand kyrkje



Et minne fra Badger, Iowa

Tekst og foto: Mari Anne Næsheim Hall

samtale siden jeg kjente til Årdal og navn på mange som hadde utvandret.

- Chantland, sa han. - Kjenne du det navnet?

- Ja, Tjentland, svarte jeg, og dermed var kontakten opprettet.

- Jeg heter Roger Fevold», og stammer fra Årdal. Jeg har noe hjemme som du må ta med deg til Årdal. Jeg ønsker at denne tallerken skal henge på veggen i kirken.

Tallerkenen viser et bilde av en kirke i Badger. Kirken ble bygget i 1880, og den som stod for byggingen var en årdalsbu, en Chantland som måtte skrive om navnet sitt da han kom til Amerika.

Vi snakker om Torbjørn Torbjørnsen, født på Jøsneset i 1801. Han giftet seg til gården Tjentland, men reiste til Amerika med familie og naboer tidlig på 1860-tallet.

En artig historie, og jeg skal holde løftet mitt om å overlevere tallerkenen til kirken i Årdal.

Tekst: Petter Nag

Jeg har jobbet tre somre på rad som guide i kirkene i Strand kommune. Den første som guide i Jørpeland kirke. Den neste i Strandakirka, og nå den siste sommeren både i Jørpeland og Strand kirke.

Kirkene spiller en sentral rolle i våre liv. Her har vi høytider som f.eks. dåp, konfirmasjon og vielse. Ved begravelse samles vi for å minnes en kjær avdød. Kirkene i Strand og Jørpeland har ulikt preg og historikk. Kirkestedet på Strand går langt tilbake i tid, mens selve kirkestedet for kirka på Jørpeland er av nyere dato. Jørpeland kirke er bygget i en byggestil

som kalles brutalisme, utførelse i rå betong. Den har en unik, særpreget fasade. Fasaden ble oppfattet som svært kontroversiell i lokalbefolkningen da den ble bygget i 1969. Innvendig har kirka en utforming som kalles basilika. En utforming med høyt midtskip og sideskip på begge sider. Dette er en type utforming med rot i noen av de første kirkene i oldtidens Italia.

Tidlig på 1600 - tallet ble Stranda-kirka bygget. Kirken lå på det som nå er gravplassområde. I 1874 ble den nye Strandakirka bygget like ved, og ett år senere ble den gamle kirken revet. På 1920 - tallet ble Strandkirka kledd innvendig med flere særpregede kunstobjekter; malt kirkekunst skåret i tre. Disse var opprinnelig laget som

utsmykning i 1600 talls-kirka, og ble overført til den nye kirka noen tiår etter at den gamle kirka ble revet.

HVORFOR HETER KOMMUNEN VÅR STRAND?

Hvilket sted har gitt navn til vår kommune? På Tau har vi blant annet Strandakirka, Strandastøa og Strand videregående skole. Tilbake i tid var Strandastøa et maritimt sentrum, og i dette området hadde dessuten Stranda-kirka en sentral funksjon.

Mange av gjestene på omvisningene er særlig interesserte i historien til Strandakirka. Her er ting av eldre dato som fascinerer, kunstobjekter, og kirkens rolle som politisk stemmelokale i eldre tider.



KYRKJE I KORONA-TID

Eli Nesvåg og Gunnvor Berge registrerer navn og telefonnummer på dei som kjem til gudsteneste.

Opptak Jørpeland krk. Bak kamera Magnar Hole Polden. Bak flygelet Anders Berglund.

Mallin Østerhus er kyrkjevert og ønskjer velkommen med håndsprit.

Jorunn Nærheim og Tom Kjellsen giftar seg etter friluftsgudstenesta 21. juni. I gudstenesta hadde dei barnedåp.

Tekst: Martin Ivar og Sigrunn H. Arnesen, sokneprestar Strand og Hjelmeland
Foto: Martin Ivar Arnesen og Janfrid Frantzen

Sidan mars er verda forandra. Covid-19 har sett sitt preg på reiseliv og daglegliv for dei fleste i alle land. Og ingen kunne vel forutsjå korleis det ville bli.

KONSEKVENSA FOR ARBEIDET

Kyrjekontora har vore stengde for publikum, men det har vore minimumsbemanning frå mars og fram til sommaren. Tilsette har hatt heimekontor og gjennomført møter via telefon og nett. Dåpssamtalar,

sørgesamtaler og sjelesorg har også blitt gjennomførte digitalt. Gravferder og andre samlingar vart i starten gjennomførte med maksimum 50 til stades. Gudstenester med fysisk frammøte vart avlyste frå 15.mars og fram mot sommaren. For første gong i norgeshistorien vart påska feira utan at me kunne samlast i kyrkjene våre. Enkle dåpsgudstenester er blitt haldne med berre dei næraste til stades, og mange har valt å utsetje selskapet. Dei fleste vigsler er utsette, mens andre er gjennomførte ut i frå gjeldande smittevernreglar. Frå juni er smittevernreglane endra slik at 200 kunne vere samla, men samstundes avgrensa av at det må vere 1 meter mellom kvar person som ikkje er i same husstand. Dette betyr at kyrkjene i Forsand, Strand og Hjelmeland kan samla mellom 100 og 150 personar.

Konfirmasjonar blei utsette til hausten og konfirmantane fordelte på fleire gudstenester.

NYE ARENAER

Å vere kyrkje handlar om relasjon - om møte med menneske, og møte mellom menneske og Gud, enten i storfellesskap i gudstenester, i smågrupper eller i enkeltsamtaler. Gjennom våren måtte vi finne nye arenaer og nye måtar å møtast på. Det har stilt krav til kreativitet og nytenking. Vi har gjort opptak og hatt digitale minigudstenester som er publisert på nettsider, facebook og lokalavis. På den måten har vi likevel nådd ut, og kanskje til fleire og andre menneske enn dei vi elles ville samla til gudsteneste.

FRAMTIDA

Dei fleste av oss håpa på ei

«normalisering» etter sommaren. Planar er lagt for hausten med gudstenester, konfirmasjonar, konfirmasjonsundervisning, trusopp-læring og alt anna. Alt med utgangspunkt i at vi må leve med smittevernrestriksjonar ei god tid framover. Nokre aktivitetar må justerast, medan andre må utsetjast.

BØN

